Tambarskjelvar IL - Styremøte 2/2019 - 11.april 2019

Tilstades: Fredrik, Anne Marit, Anne Sofie, Pål Arve, Siss-May

| | | |
|---|---|---|
| 2/2019 | Fordeling av ansvarsområde | Fredrik – medlemsansvarleg<br>Anne-Marit – bruksstyret Naustdalshallen<br>Håkon – Banestyret, Instedalen skianlegg<br>Anne Sofie – Kasserer/Ansvarleg barneidrett<br>Pål Arve – Ansvarleg politiattestar<br>Siss-May – bruksstyret Naustdalshallen<br><br>Vi ber om å oversendt vedtekter for Instedalen skianlegg og Øyra-Løken skianlegg. |
| 3/2019 | Gjennomgang av arbeidsplan 2019 – fordeling av oppgåver<br><br>Organisasjonsplan for Idrettslaget<br><br>Reiskapshus/isolert lager på Bana | <br><br>Vi drøfta korleis vi skal legge opp dette arbeidet for å skape engasjement og tilhøyrsle til arbeidet. Vi vurderer å invitere idrettskrinsen for å kome å orientere om organisasjonsplan. Vidare vil vi vurdere eksternt motivasjonsforedrag. Anne Marit og Anne Sofie vil sjå på korleis vi kan organisere dette til hausten.<br><br>Vi ber om at banestyret kallar inn ei eigna gruppe til å arbeide vidare med dette, i tråd med vedtaket på årsmøtet. |
| 4/2019 | Varsel om oppstart av arbeidet med Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune 2020-2023, uttalefrist 19.april | Styret gjev innspel om følgjande punkt.<br>Naustdalshallen:<br>- Dekke<br>- Skilleveggar<br>- Lydanlegg |

| | | |
|---|---|---|
| | | - Tribune - siktelinje<br>- (Oppgradering av ventilasjon i hallen)<br><br>Naustdal stadion:<br>- Garderobeanlegg, tribune, sosialt rom<br>- Reiskapshus/isolert lager<br>- Lydanlegg<br><br>Førebels har vi ikkje fått innspel frå alle gruppene i Tambarskjelvar. Vi sender vårt skriftlege innspel 18.april. |
| 5/2019 | Varsel om oppstart av planarbeid – Naustdal Helsesenter, Naustdal Kommune, uttalefrist 29.april | Vi reagerer på grensene i reguleringsplanen som ikkje er i tråd med gjeldande kommuneplan. I kommuneplanen er delar av arealet som er føreslått regulert satt av til idrettsføremål. Styret vil sende skriftleg høyringsinnspel. |
| 6/2019 | Søknad frå ski- og orienteringsgruppa om hovudlaget kan forskottere/legge ut påmelding til stolpejakt kr. 27.000,- + mva? Sjå førespunad vedlagt. | Styret vil forskotterer kr 27.000,- + mva. Midlane skal vere tilbakebetalt oktober 2019. |
| 7/2019 | Oppgradering av stolpar og nett på Sandvolleyballbana på Sanden.<br>Sturle Standal har henta inn pris frå Mika sport, tilbod dbl bane (stolpar, nett, banemerke) til kr. 43.000,- + mva. Vi reknar med noko prisstiging grunna indeksregulering. | Styret meiner dette er eit godt tiltak for å få meir aktivitet på området. Nokon må ta ansvar for drift, t.d ta inn netta om vinteren.<br>Styret vedtek å nytte innhenta tilbod. Det vil verte nytta midlar frå Volleyballgruppa til dette føremålet. |
| Ymse | Webinar digitaliseringsprosjektet NIF 24.april kl 10-11: kort status om digitaliseringsprosjektet, demo av aktivitet, betaling og bli medmedlem (onboarding). Gå hit om du vil vere med:<br>Teams.microfoft.com og last ned Teams-appen. | |
| | Sparebankstiftinga har i år motteke tre søknader frå gruppene i Tambarskjelvar.<br>Desse gjeld:<br>Ski- og orienteringsgruppa Stolpejakt | Sparebankestiftinga ber om at styret i Tambarskjelvar vert orientert om slike søknader, og ber vidare styret om å bidra i høve ev prioritering av søknadane. |

| | | |
|---|---|---|
| | Ski- og orienteringsgruppa FjordNM<br>Sykkelgruppa Div utstyr og trenarkurs | Gruppene må sende kopi av sine søknader til styret@tambarskjelvar.no når dei søkjer Sparebankstifinga. |
| | Sunnfjord Triatlon 2019 | Orientering til dei nye i styret om arbeidet. |
| | Innkjøp av vaskemaskin m/tørketrommel til bøttekott v/tribunekiosk | Samrøystes. |
| | Møteverksemd i styret | Torsdag kan vere gode møtedagar.<br>Siss-May kallar inn ein gong pr mnd, med gruppene annakvar gong. |

| | | |
|---|---|---|
| 8/2019<br>Sak handsama på e-post av styret. | Styret gir leiar i Tambarskjelvar IL signaturrett saman med eitt av styremedlemma i fellesskap. | Samrøystes. |

Sak 6/2019: Søknad om forskottering/utlegg i samband med Stolpejakt, Ski- og orienteringsgruppa

## Stolpejakta og betaling

9. april 2019 09.05 3 KB
Fra: Åsmund Berthelsen
Til: styret@tambarskjelvar.no

Ski- og orienteringsgruppa skal til med Stolpejakt som vi har hatt dei to-tre siste åra. Det er eit gratisopplegg for dei som deltek, og vi får støtte gjennom Foreningen Stolpejakten (FS) , men vi må fyrst betale FS 27.000 kr + mva, før vi får 18.000 kr i tilskot. Vi får også 5000 kr frå Sunnfjord Energi for å ha logo på stolpane. Vi har også inne søknad til Sparebankstiftinga om midlar til dette. Vidare får vi tilskot for stolpar som står ved kulturminne. I fjor gjekk det i balanse.

Men gruppa har pr.no ikkje likvide midlar til å betale inn det FS skal ha.Vi har pr. no 24.000 kr på konto. Spørsmålet er om hovudlaget kan forskottere/legge ut det FS skal ha? Altså 27.000 kr + mva.

Treng også å vite kven som no er rekneskapsansvarleg. Hugsar ikkje om det vart avklara på årsmøte. Sunnfjord Energi ber om det, før utbetaling av støtte.

Helsing

Åsmund
asmund.berthelsen@icloud.com
93237073